

Årsmelding for Ulvik Sokneråd 2024



Rekneskap for Ulvik Sokneråd ligg no føre. Den viser eit rekneskapsmessig **minderforbruk** på **kr 195.763,-**

1. Samansetjinga og verksemda til rådet

Soknerådet 2023-2027

Leiar:	Unni Solem
Nestleiar:	Finn Johan Gjerde
Andre medlemmer:	Guri-Kristina Batta Bjørnstad Astrid Jordal Børsheim Kjersti Bergo Liv Marie Osa
Geistleg representant:	Anne Marthe Ulvik
Ulvik herad sin repr.:	Jorgeir Hamre Mediå
Møtesekretær:	Dagleg leiar/kyrkjeverje Wilma van Manen
<u>Varamedlemmer:</u>	Lars Johan Tveit Andreas Hjeltnes Kristin Nesheim Ivar Lindvink
Ulvik herad sin vararepr.:	Torunn Pedersen Polden

Nemnder/utval 2023-2027

<u>Arbeidsutval:</u>	Leiar Unni Solem Nestleiar Finn Johan Gjerde Sokneprest Anne Marthe Ulvik dagleg leiar/kyrkjeverje Wilma van Manen
<u>Bygningsutval:</u>	Finn Johan Gjerde Lars Johan Tveit
<u>Diakoniutval:</u>	Liv Marie Osa, Kjersti Bergo Anne Marthe Ulvik
<u>Naudhjelpsutval:</u>	Astrid J. Børsheim Guri-Kristina Batta Bjørnstad
<u>Katekumenatutval:</u>	Kjersti Bergo Liv Marie Osa, Unni Solem Anne Marthe Ulvik
<u>Tingingsnemnd:</u>	Jorunn Bergo Aarvik leiar Unni Solem nestleiar Finn Johan Gjerde
<u>Redaksjonsnemnd:</u>	Unni Solem Finn Johan Gjerde og Wilma van Manen

Kjønnsfordelinga:

2023-2027:

Av 14 soknerådsmedlem er det 9 kvinner og 5 menn.

Saker i Soknerådet

Det er halde 6 møte, handsama 21 sokneråds- og 16 fellesrådssaker.

Politisk samarbeid med kommune:

Det vart halde budsjettmøte for 2025 med Ulvik herad den 29. oktober 2024.

Helse, miljø og tryggleik – HMT

Avtale om samordning av HMS-arbeid mellom Bjørgvin Bispedømmeråd og Ulvik kyrkjelege fellesråd, signert 23.05.2022. Bispedømmerådet og fellesrådet har kvar for seg og saman ansvar for arbeidsmiljøet på den lokale arbeidsplassen i samsvar med arbeidsmiljølova § 2-2.

Hovudpunkta er at kvar arbeidsgivar skal:

- Sørja for at eiga verksemd er innretta og eigne arbeidet til arbeidstakarar er ordna og blir utført på ein slik måte at også andre enn eigne arbeidstakarar er sikra eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø
- Samarbeide med andre arbeidsgivarar for å sikra eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø. Hovudbedrifta skal ha ansvar for samordning av helse- miljø- og tryggingarbeid for dei enkelte verksemda.

Partane er samde om at fellesrådet i denne samanhengen er å vurdera som hovudbedrift.

Kurs og seminar, kompetanseutvikling, fagmøte

31.01.2024	Fellesrådsopplæring Øystese
20.03.2024	1. møte organisasjonsutvikling Voss
24.04.2024	Arkivdag Bergen
29.04.2024	Webinar kirkebyggdatabasen
02.05.2024	2. Møte organisasjonsutvikling Voss
27.06.2024	Webinar bevaringsprogram
22.08.2024	Ordna Eigedom nettkurs
30.08.2024	3. møte organisasjonsutvikling Voss
12.09.2024	4. møte organisasjonsutvikling Voss
17.09.2024	Møte søknadsskriving samarbeid Eidfjord
15.10.2024	5. møte organisasjonsutvikling Voss
24+25.10.2024	Kurs søknadsskriving bevaringsprogram Oslo
29.10.2024	Oppstartmøte samarbeid Eidfjord
05.11.2024	2. møte samarbeid Eidfjord
21.11.2024	3. møte samarbeid Eidfjord
02.12.2024	Prosjektledersamling Oslo
03.12.2024	4. møte samarbeid Eidfjord
10.12.2024	5. møte samarbeid Eidfjord
13.12.2024	Webkurs brukerforum Ordna
17.12.2024	6. møte samarbeid Eidfjord

Kyrkjeverjemøte:

22.02.2024 Kyrkjeverjemøte Voss

Utført arbeid/saker under arbeid

Gravferdsmelding 2024

Formålet med gravplassmeldinga er å skaffa ein samla oversikt over ledig gravkapasitet ved gravplassane i Ulvik og å laga ein prognose for grav- og arealbehov dei neste 10 åra for kvar enkelt gravplass og for heile kommunen.

Tilstandsrapport Ulvik kyrkje

I samband med planar om å måla kyrkja i Ulvik i 2026 har Akasia Eiendomsforvaltning gjennomført ein synfaring av utvendig klimaskall kyrkje. Fasadene til Ulvik kyrkje er i god stand. Det er nokre mindre reparasjonar ein må rekna med. Utføringa av overgangane tårn- skiå, skip-kor og kor-sakristie er ikkje heldige. Vindauga er i middels til dårleg forfatning. Utan å ha måleinnretningar tilgjengelig vil Akasia anta at taket heng med ca 20 cm. Ingen har kunnskap om korleis tilstanden har vore tidligare. Det kan ser ut som kyrkja sig på sørsida. Her tilrår Akasia Eigendomsforvaltning ein tilstandsanalyse nivå 2-3. Søknad om tilskott til kulturhistorisk verdifulle kyrkjer vart sendt i oktober 2024. Tilskot for 2025 og 2026 kr 225.000,-

2. Administrasjon

Tilsette i 2025:

Sokneprest for Ulvik:	Anne Marthe Ulvik tilsett i Dnk	50% stilling
Dagleg leiar/Kyrkjevevje:	Wilma van Manen	80% stilling
Kyrkjetenar:	John R. Mandelid	10% stilling
	Wilma van Manen	7% stilling
Organist:	Edyta Bryk (Kjøp av organisttenester hjá Voss kyrkjelege fellestråd)	25% stilling
Forsamlingspedagog	Jorunn Bergo Aarvik Tilsett ved Bjørgvin	20% stilling
Trusopplærar:	Jorunn Bergo Aarvik Trusopplæringsmidlar	10% stilling
Frivilligkoordinator	Linda Van Moere Præstiin Trusopplæringsmidlar	5% stilling

Likestilling: Ulvik sokn er ein arbeidsplass med flest kvinnelege tilsette, tal fast tilsette, inkludert kjøpte organisttenester og prestetenester per november 2024 er 6. Av desse er 5 kvinner og 1 menn (83% og 17%). Alle stillingar er deltidsstillingar.

Sjukefråvær: Ulvik sokn har som mål å halde sjukefråværet på eit så lågt nivå som mogleg. I 2024 måtte me forhalde oss til ei langtidssjukmelding.

Prestestillinga. Anne Marthe Ulvik er sokneprest i 50% stilling. I tillegg kjem Jorunn Bergo Aarvik som forsamlingspedagog (20% stilling) for å leia konfirmantgruppa, og for å koordinera samarbeid kyrkje-skule i 2024. Den Norske Kyrkja ved Bjørgvin Bispedømeråd betalar lønsutgifter for soknepresten og refunderer lønsutgifter for forsamlingspedagogen.

Klokkarstillinga

I år har det vore 4 frivillige tekstlesarar. Me takkar dei for denne gode frivillige innsatsen. Likevel er det ynskjeleg med fleire tekstlesarar, slik at det ikkje blir for mykje av ei byrde for den enkelte.

Organiststillinga

Organist Edyta Bryk er tilsett i 50% stilling hjå Voss kyrkjelege Fellesråd. Ulvik sokn har inngått ei avtale om samarbeid med Voss kyrkjelege fellesråd, og kjøper 25% organiststilling.

Trusopplæringstilling

Ulvik sokn har inngått ei avtale om samarbeid med Eidfjord kyrkjelege fellesråd, og kjøper 10% trusopplæring ifrå 01.01.2025. Hausten 2024 vart det kjøpt inn trusopplæring frå Eidfjord kyrkjelege fellesråd på timesats. Dette kjem i tillegg til den 10% trusopplæringsstilling som Jorunn Bergo Aarvik har.

Rekneskap og revisjon Voss Rekneskap AS har ført rekneskapen for Ulvik sokn. Vestlandsrevisjon IKS utfører revisjonen.

Reinhold i kyrkja og kyrkjelydssenteret vert kjøpt frå Thoma Facility Norge AS.

Stell og vedlikehald av kyrkjegardane vert kjøpt frå Ulvik herad, driftsavdeling.

Graving på kyrkjegarden vert kjøpt frå A. Osa Maskin og Anlegg.

Stell av legatgraver vert kjøpt frå Hardanger Hagemiljø Hendrikus Albertus Dijkstra.

Vurdering om storleiken på administrasjon er riktig tilpassa dei aktuelle arbeidsoppgåver

Ulvik sokn har 7 små stillingar (5% frivilligkoordinator, 10% trusopplærar, 20% forsamlingspedagog, 17% kyrkjetenar, 25% organist, 50% sokneprest, og 80% kyrkjeverje). Ingen har full stilling.

Lønnskostnader for kyrkjeverje, organist og kyrkjetenar vert dekkja av rammetilskot frå Ulvik herad, medan lønnskostnader for frivilligkoordinator og forsamlingspedagog vert dekkja av midlar til trusopplæringsarbeidet. Lønnskostnader for forsamlingspedagog og soknepresten vert dekkja av Bjørgvin bispedøme.

Kollegaene held kontakt via SMS og e-post. For å skapa betre lagånd var planen for 2024 å kalle inn til månadlege stabsmøte. Dette har ikkje vore vellykka. Overfylte timeplanar og avgrensa moglegheiter grunna deltidsstillingar, som gjer at ein ikkje kan kalle inn alle dagar, har gjort det vanskeleg å finne møtedato som passar alle. Det har resultert i 4 stabsmøte i det første halvåret og 1 stabsmøte i det siste halvåret. Her ligg eit forbetningsprosjekt, som ikkje er lett å løyse grunna små deltidsstillingar.

Det har blitt rapportert i årevis at både mengda og mangfaldet av arbeidet som administrasjonen må utføra er i overkanten. I tillegg til det daglege arbeid må det haldast tritt med alle endringar i reglane og lovene innan Den norske kyrkje, økonomiforvaltninga i sokn i Den norske kyrkje, gravplassloven, trossamfunnsloven o.s.v. I tillegg er administrasjonen tildelt gravplassforvaltning. Melding av dødsfall må følgjast opp, alle dagar i året. Kyrkjeverja er pålagt å lese e-postane kvar dag, året rundt, i ferie og under sjukdom, og må setja i verk tiltak om nødvendig. Kyrkjeverja får

ekstra arbeidsoppgåver som vikar kyrkjetenar, viss kyrkjetenar er sjukmeld eller på ferie. Å vere ein så liten stab, er ein sårbar situasjon.

For å gi Ulvik kyrkjekontor gode framtidsutsikter, må noko bli endra. Det finst inga økonomisk ressursar til å tilsetje ekstra personell. Kanskje løysinga ligg i samarbeid med andre sokn. Difor deltek Ulvik sokn i 2 prosjekt for å finne ut kva som fungerer best.

✚ **Prosjekt «Kartlegging om samarbeid mellom Vaksdal, Voss og Ulvik»**

I februar 2024 blei det tilkjent midlar for lokal organisasjonsutvikling for Vaksdal, Voss og Ulvik, etter innsending av søknad i januar 2024.

Prosjektet skal kartleggje moglegheiter for samarbeid innan

- Gravplassforvaltning
- Eignedomsforvaltning (FDV)
- Budsjett - og økonomiarbeid
- Administrering av sosiale medium
- Administrative støttefunksjonar for diakoni og trusopplæring.

Prosjektet skal vurdere om grunnlaget er til stades for samarbeid og fordeling av oppgåver innan desse områda. Det skal kartleggje kva føresetnader som må liggje til grunn for at tilsette skal kunne utføre tenester for alle tre organa på ein saumlaus og oversiktleg måte. Styringsgruppa for prosjektet vert samansett av dei tre kyrkjevevane.

Etter kvart som prosessen Vaksdal-Voss-Ulvik skreid fram, vart det tydeleg at Ulvik ikkje kunne tilby mykje i dette samarbeidet. Det ville ende med at Ulvik måtte kjøpe alle tenester. Det er tvilsamt om dette ville vere kostnadseffektivt, og samtidig kan ein setje spørsmålsteikn ved om tilbodet ville blitt på same nivå som no. Akkurat der ein ser komplikasjonar for Ulvik i dette samarbeidet, opna det seg ny moglegheit. Eidfjord er òg interessert i samarbeid med Ulvik. Eidfjord og Ulvik har felles kyrkjeblad, Brubyggjaren, samt eit nært vennskap og samarbeid mellom kyrkjene. Ein ønskjer å bygge vidare på denne brua.

✚ **Prosjekt «Kartlegging om samarbeid mellom Eidfjord og Ulvik»**

I oktober 2024 blei det tilkjent midlar for lokal organisasjonsutvikling for Eidfjord og Ulvik, etter innsending av søknad i september 2024.

Prosjektet skal greie ut om moglegheiter for samarbeid rundt:

- *gravplassadministrasjon
- *økonomistyring
- *administrering av sosiale media
- *utvikling og drift av trusopplæringstilbod
- *støttefunksjonar for ferieavvikling og sjukefråvær,
- *felles sekretæreneste.

Formålet er å finne ut om dette kan gi grunnlag for ny organisering av verksemdene.

Målsetjing:

- Å forsterke, utvide og framtidssikre dei lokale kyrkjelege tilboda i Eidfjord og Ulvik.
- Unngå å gjere same arbeidet to gonger på kvar sin kant.
- Dele inspirasjon og erfaringar.
- Nye muligheter. Jobbe i lag på eksisterande og nye prosjekt og utfordringar.
- Betre utnytting av ressursane både økonomisk og menneskeleg

- Auka trivsel i dei små stabane ved å legge til rette for meir tverrfagleg samarbeid.
- Felles system og felles innkjøpsordningar

For å oppnå eit godt fagmiljø er det ønskjeleg med meir direkte kontakt. Til dette føremålet jobbar kyrkjeverja i Ulvik ein dag i veka på Eidfjordkontoret. Der har ho eigen kontorplass og utfører den vanlege jobben sin. Sidan ein jobbar i same bygning, er det enkelt å samsnakkast og «brainstorme». Dette bidrar til forsterka samarbeid på tvers av kommunegrensene.

3. Statistikk

<u>Frå kyrkjeleg årsstatistikk:</u>	<u>2021</u>	<u>2022</u>	<u>2023</u>	<u>2024</u>
Døypte	6	4	12	5
Konfirmerte	8	6	9	7
Vigslar	0	3	1	6
Avlidne	15	19	10	9
Gudstenester	20	30	28	29
Andakter	7	8	7	14

Konfirmantar

Tal konfirmantar i 2024: 7

Konfirmantopplæring i Ulvik i lag med konfirmantar frå Granvin.

Konfirmantleir: 24.02/25.02.2024.

Fasteaksjon 2024: den 18. mars 2023 vart det bøsseaksjon. Bøssebærare gjekk frå dør til dør. Ved Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp kom det inn kr 13.835,- (kr 6.089,- i 2023) i bøsseaksjon. Totalt innsamla (inkl. offer) 2024 kr. 16.495,- (kr 19.195,- i 2023). I 2024 har me ingen oversikt over Vipps-innbetalningar per kommune, og dette gir eit forvrengt bileter i forhold til 2023.

Konfirmantfest 3. mai 2024 i kantina Brakanes skule.

Konfirmasjonsgudsteneste 12. mai 2024.



12.05.2024 konfirmasjonsgudsteneste

Tal nye konfirmantar i 2025: 11

Presentasjonsgudsteneste 08.09.2024.

ARBEID GJENNOM ÅRET


Tilskipingar:

- Sondag 11. feb.: Utdeling Godt Nytt til 10 åringar, kyrkjekaffi ungdomskoret Utne, søndagsskole
- Sondag 10. mars: Barna's Påskefest, søndagsskole, Ulvik skulemusikklag
- Onsdag 20. mars: årsmøte m/kyrkjekaffi, årsmeldinga vart lesen opp.
- Sondag 12. mai: Konfirmasjon
- Fredag 17. mai: Festgudsteneste med flaggborg
- Måndag 20. mai: 2. Pinsedag: Friluftsgudsteneste i Osa, dåp, kyrkjekaffi
- Sondag 23. juni: Gudsteneste skulehuset Hallanger, kyrkjekaffi
- Sondag 11. aug.: Jubileumkonfirmantgudsteneste
- Sondag 08. sept.: Konfirmantpresentasjon
- Sondag 15. sept.: Folkemusikkmesse med Rannveig Djønne og i samarbeid med Haugesenteret
- Søndag 06. okt.: Hausttakkefest, kyrkjekaffi, Utdeling av bok til 4 åringar
- Søndag 20. okt.: Kveldsstund musikk-bilde-ord
- Søndag 3. nov.: Helgemessesundag, Allehelgensdag, kyrkjekaffi
- Fredag 1. des.: Song og Ljosmesse, med konfirmantar



Samarbeid med andre sokne:

Historisk vandring (01.09.2024) frå Ulvik til Granvin under leiing av Granvin sokne.



Konsertar i Ulvik kyrkje:

- 09.02.2024 Bildekonsert med organistar Edyta Bryk og Krist Ulita
- 15.09.2024 Musikkandakt Finse kapell med Øyvind Torkildsen

Open kyrkje:

Open kyrkje sommar 2024, 1. juni – 8. sep., i samarbeid med turistkontoret.



Barne- og ungdomsarbeid

- 06.01.2024 Joletefest Omsorgstunet ism Bygdekvinnelag
- 11.02.2024 T10 Utdeling Godt Nytt
- 18.03.2024 Påskevandring 2. klassingar
- 18.03.2023 Fasteaksjon kyrkjekontor
- 19.03.2024 T10 samling kyrkjekontor
- 19.03.2024 Påskeskulegudsteneste
- 05.10.2024 Krølletreff
- 05.10.2024 T4 treff
- 06.10.2024 T4 Utdeling av 4 årsbok
- 15.10.2024 Supertysdag for barnehagebarn
- 19.11.2024 Supertysdag for barnehagebarn
- 30.11.2024 Jolemesse idrettshallen med gratis tilbod for born og laging av eit vakkert glasmåleri av resirkulerte glasbiter
- 05.12.2024 T11 Lys Våken
- 05.12.2024 Jolevandring 1. klassingar
- 11.12.2023 Skulejulegudsteneste



Søndagsskole

Totalt ble det helde 3 gonger søndagsskole i 2024. På grunn av langvarig sjukdom har det ikkje vore søndagsskoletilbod etter mars.

Samarbeid kyrkje/skule:

- Samarbeid med skule og kyrkje, kontakt på tvers
- Til påske og jol har det vore skulegudsteneste.
Joleskulegudsteneste den 11. des. med song- og musikkinnslag frå elevar.
- Påskevandring den 18. mars for 2. klasse.
Jolevandring den 5. desember for 1. klasse, som er ein fast tradisjon. Dette er ei vandring gjennom joleevangeliet, som borna og vaksne opplever saman i rollespel med fine kostymer og utstyr. Totalt deltok 17 personar inkl. stab.

Diakoni

I 2024 har det vore 14 andakter. Diakoniutvalet sende ut blomhelsingar til jol, til dei som har mista nokon i året.

Misjonsavtale

Ulvik kyrkjelyd held fram misjonsavtalen med HimalPartner.

HimalPartner (tidl. Tibetmisjonen) er ein yrkesmisjon med ei heilskapleg tenking om både menneske og misjonsarbeidet.

Dugnad



02.05.2024 Dugnad på Brakanes gravplass

Økonomi:

Kommunen er pålagt å løyva midlar til dei oppgåvene fellesrådet har fått ansvar for, jf. trossamfunnsloven 1 § 14 andre ledd: «kommunen gir tilskot til kyrkjeverksemda lokalt, under dette tilskot til bygging, vedlikehald og drift av kyrkjebygg.

Tilskotet skal sikra at kyrkjebygga blir haldne i forsvarleg stand, slik at dei kan nyttast til gudstenester og kyrkjelege handlingar.

Tilskotet skal òg sikra at soknet har tilfredsstillande bemanning ved gudstenester og kyrkjelege handlingar, under dette kyrkjeterar, klokkar og organist/kantor ved kvar kyrkje, og tilstrekkeleg administrativ hjelp.

Tilskotet blir gitt etter budsjettforslag frå soknet. I budsjettforslaget skal òg tilskot til kyrkjeleg undervisning, diakoni og kyrkjemusikk inngå.»

Økonomisk rammetilskott 2024.

Soknerådet hadde budsjettmøte, og det vart søkt om eit økonomisk rammetilskott på **kr 2.104.593,-**. Det vart ikkje gjennomført noko budsjettmøte hausten 2023 mellom Ulvik sokneråd og Ulvik herad om økonomiplan og budsjett for 2024. Søknaden om økonomisk rammetilskott vart ikkje innvilga. Ulvik herad sette rammebudsjettet for Ulvik sokn til **kr 1.873.000,-**, som var **kr 231.593,-** mindre enn det som var søkt om.

Dette var basert på prisjusteringar utan å ta omsyn til dei ekstra høge pensjonskostnadene, som førte til eit meirforbruk på **kr 80.667,-** i 2023. Det vart forventa at desse kostnadene kom til å halda seg høge også i 2024.

Soknerådsleiaren sende ei oppmoding om kompensasjon for pensjonskostnadene til Ulvik herad. Som følgje av dette vart rammetilskotet for 2024 auka med **kr 100.000,-**, og det endelege rammetilskottet vart sett til **kr 1.973.000,-**.

Ved sida av trossamfunnslova, er det bestemt i gravplasslova § 3 at også utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplassar skal greiast ut av kommunen.

Gravplassmyndigheita har ansvaret for at gravplassar og bygningar på gravplassar forvaltast med orden og verdigheit og i samsvar med gjeldande reglar. Både trossamfunnslova og gravplasslova har opna for at kommunen etter avtale med soknet kan yte tenester framfor å yte tilskot.

Tilskot til trusopplæring. Alle sokn i Den norske kyrkja har frå 2014 mottatt midlar til trusopplæring. Fordelinga av midlar byggjer på talet på døypte frå 0 til 18 år i soknet. Bispedømmeråda tildeler fellesrådet midlar på grunnlag av nasjonalt fastsette mål. Tilskot trusopplæringsmidlar 2024 **kr 116.955,-** (kr 113.666,- i 2023).

Tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk

Kyrkjemøtet gir tilskot til undervisning og diakoni i kyrkja lokalt. Midlane blir formidla gjennom bispedømmeråda. Det er bispedømmerådet som avgjer kven som får tilskot. Ulvik sokn får ingen tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk.

Momskompensasjon

Kyrkjelege fellesråd og sokneråd er omfatta av ordninga med momskompensasjon etter reglar som gjeld for kommunar. Etter denne ordninga får rådet refundert meirverdiavgift for kjøp av varer og tenester som skjer til bruk i verksemda. Det er ein føresetnad for å kunne krevje refusjon at samla sum meirverdiavgift overstig kr 20.000,- i eit kalenderår for den einskilde verksemda.

For 2024 utgjer momskompensasjon drift og investering **kr 183.032,-**.

Innsamla midlar

Soknerådet avgjer om det skal takast opp offer i kyrkja, og rådet forvaltar dei midlane som blir samla inn, løyvde eller gitt som gåve til kyrkjeleg verksemd i soknet. Offer/innsamlingar til verksemd utanfor soknet blir som regel sendt til landsdekkjande kristelege organisasjonar, og til diakonale og humanitære føremål.

Takkoffer i kyrkja:

	2023	2024
Til andre er det kome inn	kr 58.971,-	kr 62.167,-
Til eige arbeid er det kome inn	kr 12.910,-	kr 15.662,-

Offer til verksemd innanfor soknet kan nyttast til å dekkje utgifter knytte til verksemd soknerådet har ansvar for både innholdsmessig og økonomisk.

Når utgiftene blir større enn inntektene

Styring av økonomien innanfor fastsette rammer er ein viktig del av oppgåvene til fellesrådet og soknerådet, særleg i periodar med trong økonomi og risiko for nedskjering. Same kva grunnen er til at utgiftene blir større enn inntektene, har fellesråd og sokneråd ansvar for at verksemda ikkje går med underskot.

I Ulvik sokn har økonomistyringa vore stram i mange år på rad. Frå 2019 til 2022 vart det gjennomført ein del reduseringar og innsparingar.

Våren 2023 vart det sendt ut varsel om stor auke i pensjons- og reguleringspremien, som vart langt høgare enn det styresmaktene hadde anslått i 2022. Rekneskapsåret 2023 enda difor med eit underskot på kr **80.667** kroner. Rammetilskotet for 2024 vart auka med på kr 100.000 for å dekkje dei forventa auka pensjonskostnadene i 2024. Det at pensjonskostnadene ikkje steig så mykje som venta, saman med ein stor auke i renteavkastninga på premiefondet, har hatt stor innverknad på resultatet for 2024.

Rekneskap 2024 syner **kr 195.763,-** minderforbruk og **kr 5.922** meirforbruk Trusopplæring.

Soknerådet har pr 31.12.24 bunde og ubundne fond :

kr 277.929,- kto 25650000: Disposisjonsfond midlar frå tidlegare års mindreforbruk
Bruk av **kr 80.667 (meirforbruk 2023)**

kr 208.595,- kto 25300000: Ubunde investeringsfond
(kan berre brukas for investeringar over kr 100.000,-)

kr 348.767,- kto 25100002: Fond til trusopplæring, som er øyremerkte til trusopplæringsarbeid Bruk av **fondsmidlar kr 5.922** i 2024.

kr 195.763,- kto 25950002 Årets udisp. Nto. Driftsresultat minderforbruk
(minderforbruk 2024)

Hovedoversikt Balanse

2023			
Omløpsmidlar	1.411.074	Kortsiktig gjeld	570.861
<i>kortsiktige fordringar</i>	<i>267.097</i>	Bokført eigenkapital	<u>4.257.091</u>
Anleggsmidlar	<u>3.416.878</u>	fond	921.880
Eiendeler	<u>4.827.952</u>	Sum gjeld og eigenkap.	<u>4.827.952</u>

2024			
Omløpsmidlar	1.521.274	Kortsiktig gjeld	491.198
<i>kortsiktige fordringar</i>	<i>267.016</i>	Bokført eigenkapital	<u>4.316.308</u>
Anleggsmidlar	<u>3.286.254</u>	fond	835.291
Eiendeler	<u>4.807.528</u>	Sum gjeld og eigenkap.	<u>4.807.506</u>

Diverse investeringar/vedlikehald

Tilstandsvudering Ulvik kyrkje: Tilstandsrapport Akasia Eigedom

Klokkeringing Det viste seg at siste servicen for automatisk klokkeringing vart gjort for lenge sidan. Kyrkjeverja bestilte service og montering av ny kilereim hjå Olsen Nauen Klokkestøperi AS.

Bilene av rekneskapen for 2024:

Samla inntekter:

Salsinntekter:	2023	2024
Betaling deltakare	kr 2.737,-	kr 40.759,-
Festeavgifter	kr 84.250,-	kr 70.000,-
Sal av varer og teneste	kr 63.969,-	kr 18.469,-
Sal av varer og teneste avg. pliktig	kr 0,-	kr 51.472,-
Gåver til måling av kyrkje	kr 0,-	kr 887,-
Gåver	kr 399,-	kr 35.285,-
	kr 151.355,-	kr 216.872,-
Overføringar med krav om motytel.		
Refusjon løn menighetspedagog	kr 179.277,-	kr 191.385,-
Refusjon sjukeløn	kr 3.181,-	kr 7.873,-
Refusjon frå fellesråd	kr 43.210,-	kr 40.346,-
Refusjon frå andre	kr 19.476,-	kr 7.377,-
Refusjon moms drift	kr 156.986,-	kr 183.257,-
	kr 402.130,-	kr 430.237,-
Overføringar utan krav om motytel.		
Tilskott frå staten	kr 113.666,-	kr 116.955,-
Tilskott frå kommunen	kr 1.780.000,-	kr 1.973.000,-
Offer innsamla til eigen verksemd	kr 12.910,-	kr 15.662,-
Offer innsamla til andre	kr 46.062,-	kr 42.318,-
Tilskott – gåver frå andre	kr 7.643,-	kr 19.849,-
	kr 1.960.281,-	kr 2.167.785,-
Finansinntekter		
Renteinntekter	kr 30.435,-	kr 45.563,-
Utbytte	kr 4.013,-	kr 6.390,-
	kr 34.448,-	kr 51.953,-
Finanseringstransaksjonar		
Bruk av tidl. Års regensk minderfor.	kr 71.050,-	kr 0,-
Bruk av ubundne fond	kr 25.066,-	kr 80.667,-
Bruk av bundne fond	kr 15.537,-	kr 5.922,-
Rekneskapsmessig underskott	kr 182.081,-	kr 22.066,-
Motpost avskrivningar	kr 137.164,-	kr 137.164,-
Feilkonto	kr 0,-	kr 20,-
	kr 430.898,-	kr 245.799,-
Sum inntekter	kr 2.979.112,-	kr 3.112.646,-

Samla utgifter:

Lønn	2023	2024
Løn kyrkjeverje/dagleg leiar	kr 449.573,-	kr 472.881,-
Løn kyrkjjetenar	kr 71.770,-	kr 81.420,-
Løn menighetspedagog	kr 122.480,-	kr 116.923,-
Anna løn	kr 10.000,-	kr 10.000,-
Løn trusoppl. + frivilligkoord.	kr 62.481,-	kr 66.333,-

Feriepenger	kr	95.852,-	kr	100.008,-
Annen løn og tr.pl. Godtgj.	kr	2.575,-	kr	0,-
Periodisert løn	kr -/-	12.522,-	kr	0,-
Trekkpliktige godtgjersle/motkonto	kr	2.000,-	kr	2.000,-
Km godtgjersle trekkplik.	kr	5.139,-	kr	3.646,-
Formannsgodtgjersle	kr	12.500,-	kr	15.000,-
Møtegodtgjersle medl.	kr	67.165,-	kr	40.890,-
Bilgodtgjersle oppg. Pl.	kr	21.445,-	kr	9.727,-
Dietgodtgjersla	kr	435,-	kr	2.808,-
Sum lønn	kr	910.893,-	kr	921.636,-

Sosiale utgifter

Pensjonstrekk KLP	kr	272.835,-	kr	98.584,-
Arbeidsgjevaravgift	kr	116.106,-	kr	98.007,-
Arbeidsgjevaravgift ferie	kr	10.160,-	kr	10.601,-
Sum sosiale utgifter	kr	399.101,-	kr	207.192,-

Kjøp av varer og teneste

Konto 11000-11599	kr	174.538,-	kr	263.644,-
Konto 11700-12999	kr	733.174,-	kr	809.486,-
Sum kjøp av varer og teneste	kr	907.712,-	kr	1.073.130,-

Overføringer

Refusjon til fellesråd	kr	0,-	kr	5.354,-
Kjøp av organisttenester	kr	241.693,-	kr	237.756,-
Moms	kr	156.986,-	kr	183.033,-
Overføring av ofringar	kr	46.062,-	kr	42.318,-
Sum overføringer	kr	444.741,-	kr	468.461,-

Finansutgifter

Renteutgifter	kr	79,-	kr	6,-
Dekning av tidl. Års neg.	kr	0,-	kr	80.667,-
Avsetningar til disposisjonsfond	kr	71.050,-	kr	0,-
Avsetningar til trusoppl. fond	kr	0,-	kr	0,-
Overføring til invest.	kr	6.958,-	kr	6.540,-
Rekneskapsmessig overskott	kr	101.414,-	kr	217.830,-
Avskrivningar	kr	137.164,-	kr	137.164,-
Sum finansutgifter	kr	316.665,-	kr	442.207,-
Sum utgifter	kr	2.979.112,-	kr	3.112.625,-

Oversikt funksjon

Funksjon 41 Administrasjon

Løn, arbeidsavgift
Pensjons- og reguleringspremie
Kjøp av varer og tenester
Reiseutgifter
Straum
Renteinntekter

Minderforbruk kr 45.003,-

meirforbruk 10101/09/10600/01/05 10990/91 **kr 38.756,-**
minderforbruk 10900 **kr 86.269,-**
meirforbruk 11000/01/202/301/302/303/304/305 **kr 12.916,-**
meirforbruk 11552/11600/601 **kr 13.475,-**
minderforbruk 11800 **kr 6.733,-**
meir inntekt 17700/18700/19000/19050 **kr 24.559,-**

Funksjon 42 Kyrkja.

Total lønskostnader kyrkje
Pensjons- og reguleringspremie
Straum
Kjøp av varer og tenester
Betaling deltakare/sal varer/gåver
Forsikringar/kontingentar

Minderforbruk kr 139.371,-

minderforbruk 10101/05/06/09/10990/9113401	kr	18.562,-
minderforbruk 10900	kr	51.608,-
mindreforbruk 11800	kr	43.173,-
meirforbruk 11001/100/101/202/301/303/400	kr	9.829,-
minderforbruk 16100/16200/16301/03	kr	32.387,-
minderforbruk 11850//51/52/11951/52	kr	3.864,-

Funksjon 43 Kyrkjegard.

Vedlikehald kyrkjegard
Leigd graving
Kommunale avgifter og avfall
Straum
Festeavgifter
Gåver
Stell inntekter

Meirforbruk kr 22.066,-

meirforbruk 12301	kr	79.686,-
mindreforbruk 12402	kr	26.840,-
meirforbruk 11950	kr	2.515,-
minderforbruk 11800	kr	4.934,-
Minder inntekt 16300	kr	10.000,-
meir inntekt 16303	kr	34.635,-
meir inntekt 16200/500	kr	5.357,-

Funksjon 44 Anna kyrkjeleg verksemd **Mindreforbruk kr 33.455,-**

Funksjon 441 Trusopplæring Bruk av bundne fond (kto 15500) **kr 5.922,-**

Løn, arbeidsavgift

Lønskostnadene auka med 5,2 % i 2024, medan det vart budsjettert med 5 %.

Pensjons- og reguleringspremie

Statistisk sentralbyrå (SSB) oppdaterer anslaga for lønns- og prisvekst gjennom året. Anslaga dei gav i desember 2023 var høgare enn den endelege lønns- og prisveksten i 2024. Dette førte til at den endelege reguleringspremien for 2024 var lågare enn budsjettert i desember 2023.

Alle kundar i KLP har eit eige premiefond. Dette er ein konto for tilbakeført premie og overskot. Premiefondet gav god renteavkastning i 2023, noko som ikkje har skjedd i dei førre åra. Premiefondet (tilbakeført premie, overskot og rente) vert brukt til å dekkja både ordinær premie og reguleringspremie i 2024.

I 2023 vart totalen for pensjons- og reguleringspremie kr 272.835,-. For 2024 vart det varsla ein litt lågare pensjons- og reguleringspremie. I tråd med dette vart det budsjettert med kr 232.000,- for pensjons- og reguleringspremie i 2024.

Ved bruk av innbetaling til premiefondet for ein del av pensjons- og reguleringspremien, kom den endelege summen for pensjons- og reguleringspremie i 2024 på kr 98.584,-, som gir ei innsparing på kr 133.416,- samanlikna med budsjettet 2024.

Reiseutgifter

Kyrkjeverja har måtte ta ein del reiser til møte, kurs og seminar på Voss, i Bergen og i Oslo. Sidan sommaren 2024 har kyrkjeverja hatt kontordag i Eidfjord på tysdagar.

Kjøp av varer og tenester

Funksjon 41: Anskaffelse av nettbrett og mobiltelefon på kr 14.122,-, som det ikkje vart budsjettert for.

Funksjon 42: Middag på Brakanes Hotel for jubileumskonfirmant, kr 19.305,-. Betaling for middag vart gjort via konto 16100, «betaling frå deltakarar».

Betaling deltakare/sal varer/gåver

Funksjon 42: Budsjettetert inntekt på kr 5.000,- frå betaling frå deltakarar, sal av varer og gåver.

Det kom inn betaling frå deltakarar for middag på Brakanes Hotel for jubileumskonfirmantar, samt innbetalingar for bruk av kyrkje ved vigslе og/eller gravferd for ikkje-medlemmar. Meirinntektene utgjjer kr 32.387,-.

Straum

Straumprisane har stabilisert seg litt, og dei store svingingane har uteblitt i 2024. Dette førte til at det totale straumforbruket kom på kr 73.160,-, som gir ei innsparing på kr 54.840,- samanlikna med budsjettet (kr 128.000,-) for 2024.

Vedlikehald kyrkje, anlegg, inventar/utstyr

Orgelvedlikehaldet vart utsett til 2025, då leverandøren mangla kapasitet både i 2023 og 2024.

Vedlikehald kyrkjegard

Vedlikehald av kyrkjegarden i 2024 kom på kr 209.686,-, medan budsjettet var på kr 130.000,-. Det var ein del ekstrautgifter knytte til fjerning av gravstein og felling av bjørketre på Brakanes. Nokre av bjørketrea var i dårleg stand, og fleire hadde brotne greiner som i verste fall kunne falle ned og føre til skade. Ulvik sokneråd vedtok å fella bjørketre kring Brakanes gravplass hausten 2023. Den totale kostnaden på kr 34.635,-, for felling av bjørketre vart dekt av ein anonym gåve. Ulvik sokn takkar for den økonomiske støtta og for arbeidet som er gjort!



Leigd graving

Det har i år vore 6 gravferder og 4 urnenedsetjingar, mot 5 gravferder og 7 urnenedsetjingar i 2023.

Trusopplæringsmidlar

I 2013 fekk alle sokn i Hardanger og Voss prosti Trusopplæringsmidlar. Dette er statlege midlar som vert utdelt etter tal born i aldersgruppa 0 – 18 år. Statlege trusopplæringsmidlar for 2024 for Ulvik utgjorde **kr. 116.955,-**. Trusopplæringsmidlar fond **kr 348.767,-** (brukt av bundne fond i 2024 kr 5.922,-). Midlane skal ein fyrst og fremst bruke til å tilsetja trusopplærar, dvs lønsmidlar. I 2024 har me hatt trusopplærar i 10% stilling og frivilligkoordinator i 5% stilling.

Soknerådet har desse fonda knytta til kyrkjelydsarbeidet: saldo 31.12.2024

Fond til trusopplæring kto 25650000 **kr 348.767,-**

Diakoniarbeid har Ulvik sokn ikkje økonomiske rammer å driva med. Det er mange sjuke og einsame i bygda som kunne ha stor trong for besøk av ein diakon. Kyrkjelyden har heller ikkje organisert frivillig besøksteneste.

Konklusjon

Lågare straumprisar, færre gravferder enn budsjettet, samt innsparing på pensjons- og reguleringspremie har bidrege til eit mindreforbruk på **kr 195.763** i 2024. Dette er alle forhold me ikkje har kontroll over, og me må stola på prognosar og erfaringstal. For 2024 har det slått gunstig ut.

Søknader om støtte: I 2024 vart det søkt om støtte:

- Folkemusikkmesse: Søknad om finansiering til Sparebanken og Hardanger Energi. Søknader ble avslått.
- Søknad Prosjekt «Kartlegging om samarbeid mellom Voss, Vaksdal og Ulvik» Tilskot kr 200.000,-
- Søknad Prosjekt «Kartlegging om samarbeid mellom Eidfjord og Ulvik» Tilskot kr 150.000,-
- Etter sende søknader K-stud: Tilskot konfirmantundervisning kr 14.920,-
- Søknad Riksantikvaren: tilskot kulturhistorisk verdifulle kyrkjer.
For å kartlegge eventuelle sig av Ulvik kyrkje vart det søkt for følgjande tiltak:
-Oppteikning inkl. 3d scanning inne og droneregistrering ute.
-Kontroll av sig: her må ein først gjera ei innmåling av bygget og setja på nokre fastmerke som kan nyttast for seinare kontrollhandlingar.
Kontrollmålingane bør skje kvar månad dei første tre månadene, så tre månader seinare, så 6 månader seinare, så 2 år og til slutt 5år. Dette vil gi eit godt inntrykk av om kyrkje er i rørsle.
Tilskot for 2025 + 2026 kr 225.000,-

4. Framtidsutsiktene

Budsjett for 2025

Søknaden frå Ulvik sokn om økonomisk rammetilskot for 2024, på kr 2.050.000, vart ikkje innvilga. Ulvik herad legg opp til vidareføring av 2024-nivå på grunnløyvinga kr 1.973.000.

For budsjettet 2025 vil følgjande tiltak bli sett i verk:

- Rekneskapen for Ulvik sokn vert overført til rekneskap Ulvik herad, slik at utgifter for rekneskapsførar, rekneskapsprogram og revisor kan takast bort i løpet av 2025.
- Det vert ikkje arrangert folkemusikkmesse i 2025.

Forventa innsparing på rekneskapsføring er kr 45.000,- og innsparing ved å ikkje gjennomføre folkemusikkmesse er kr 40.000. Desse tiltaka gjer at Ulvik sokn har budsjett for 2025, med god nok margin.

Planar for 2025-2028

- | | | |
|----|------|--|
| 1. | 2025 | Branntekniske teikningar |
| 2. | 2025 | Urneminnelund på gravplassen forprosjekt |
| 3. | 2026 | Grunnundersøkingar kyrkje forprosjekt |
| 4. | 2026 | Måling kyrkje |

Ulvik kyrkje digital

Ulvik sokn legg ut informasjon om gudstenester og aktivitetar på Facebook Ulvik sokn, websida kirken.no/ulvik, skjerikirken.no, og på Friskus.

Målet er at det er enkelt å finne tilbod, og at det er enkelt å synleggjera tilboda.

Kyrkjebladet Brubbyggjaren for Eidfjord og Ulvik:

I 2024 har det kome ut 2 nummer.

Frå Påske 2024 kom det ny redaksjon: Kari Hovland, Ann Kristin Steinhovden Wathne, Manuela B. Bjotveit, Willemina van Manen, Unni Solem og Finn Johan Gjerde.

Trykking vart utført av Glynt AS.

Kyrkjeverje Tone Felle Nesheim har ført rekneskapen for bladet, mens kyrkjeverje Wilma van Manen har stått for utsending til abonnentar. Me rettar stor takk til nemnda for det gode arbeidet dei har gjort med Brubbyggjaren. Bladet vart sendt til alle husstandar i Ulvik og Eidfjord, samt til ein del adresserte abonnentar utanom bygdene. Økonomi 2024 viste **meirforbruk** på **kr 6.273,-**.

Me ynskjer bygdefolk velkomne både til kyrkja og tilskippingar elles.

For Ulvik sokneråd,
13. februar 2025

Unni Solem
(sign)

Willemina van Manen
(sign)

Fellesråds-/Soknerådsleiar

Dagleg leiar/kyrkjeverje